

# Turstiar i Hjelmeland

[www.hjelmeland.kommune.no](http://www.hjelmeland.kommune.no)



**P** Parkering

**\*** Utkikkspunkt

**WC** Toalett

**i** Informasjonsskilt

**Matservering**

## Hjelmen

Hjelmen ligg i utmarka til prestegarden og er ei lita naturperle midt i sentrum. Sving av riksveg 13 i rundkjøringa på Sande og kjør mot sentrum. Parkering ved kyrkja.

Før du kjem til sjølve stien, går du vegen forbi bedehuset og gjennom bustadfeltet til enden av Prestegardsvegen. Der finn du den første infotavla. Det går ein asfaltert bakke opp til beitemarka.

Stien til topps går gjennom beitemarka opp i einerbakkane. Ein liten omveg bort i eikeskogen i lia mot Steinslandsvatnet er ei oppleveling. Her finst ein "trollskog" av store eiketre og sjeldne lavarter. Lav er ein slags sopp med små grønalgeceller inni seg. Mange lavarter vert borte i område med urein luft.

Lavartene, som finst mest på aust- og nordsida av Hjelmen, har gjort området kjent utanfor kommunegrensene. Der finst mange kystlav som ikkje toler tørre og vinterkalde forhold.


Toppunktet ligg 206 moh. Utsikten er likevel best "rundt kanten", særleg ved det markerte utkikkspunktet. Like ved dette punktet går det og ein bratt umerka sti ned mot det noko eldre bustadfeltet ved foten av Hjelmen. Denne stien, som ikkje er avmerka på kartet, kan og følgjast vidare "under Hjelmen" til vasstårnet ved Littlehjelmen. På infotavla ved utkikkspunktet finn du fleire opplysningar.

Hjelmen ser ut som ein hjelm frå sjøsida - og har gitt namn til kommunen.

Delvis rundløype. Tid: Ca. 1 time.  
Høgdeskilnad: Ca. 150 meter.



Bjørkeskogen på Hjelmen  
(Foto: Anne Kari Skogerbø)



Utsikt mot Pundsnes, Randøy og Ombo. (Foto: Anne Kari Skogerbø)